



Frå skisamlinga i oktober.

Oppdatert: Skimiljøet har glede av det stadig tettare samarbeidet mellom Kvinnheradslaga. Nyleg var det felles treningsamling i Uskedalen, og torsdag møttest igjen skiløparane frå kommunen. Då er det skifest med premiering frå fjorårets skikarusell i Aktivitetshuset. Dette er eit godt innarbeidd og årvisst fellesarrangement.

Det er Omvikdalen idrettslag som innbyr til fest i år. Arrangementet er i Aktivitetshuset her i Uskedalen, og det startar kl.18 med felles styrketrening første timen så deltakarane må ta med innesko og treningskle til dette.

kl.19.15 er det klart for mat og drikke med utdeling av diplom til alle som deltok på OIL sin skileik i sesongen 2016/17. Etter dette vert det meir premiering kl.19.30. Då vert det premieutdeling for skikarusellen sist sesong. Parallellt med at løparane trenar vil leiarane i laga ha møte frå kl.17.30 der opplegg og terminliste for skikarusellen kommande sesong vert planlagt.

Det er gode tider for skiløparane for tida. Forholda i Fjellhaugen skisenter er svært gode, og lysløypa er flott preparert. Dette fører også til ekstra god aktivitet blant løparane. Skigruppa i UIL hadde styrketrening i hallen mandag. I kveld, tirsdag, er det trening i Fjellhaugen der dei kjører frå Grano kl.17.30. Og så er det altså fellestrening på torsdag.

Skigruppa melder og at onsdag er frist for å melda frå om kjøring til Fjellhaugen slik at borna er sikra plass på fellestkjøring.

Det vert gjeve gode oppdateringar om aktiviteten i skigruppa på facebook-sida Skigruppa. Der vil alle som treng det finna nødvendig informasjon.

Så får vi håpa på ein fin vinter med gode snøforhold i fjellet. det fortener verkeleg dei flinke skiløparane og leiarane deira no.

For meir info om skikarusellen og kven som har delteke i nok renn for å få premie, kan de gå inn på UIL si heimeside [HER](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland